

NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

02.02.2017

Søknad om konsesjon for bygging av Fossheim minikraftverk

Fossheim kraft planlegg å nytte delar av vassfallet i Herdøla i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke til kraftproduksjon, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vassressursloven, lov av 24. november 2000, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Fossheim kraftverk.

II Etter energiloven, lov av 29. juni 1990, nr. 50, om løyve til:

- bygging og drift av Fossheim kraftverk
- bygging av tilhøyrande koplingsanlegg
- anleggskonesjon for 22/24 kV forbindelse til næraste 22/24kV line som går om lag 160 meter frå planlagd kraftstasjon.

Det søkast om tidsubegrensa konsesjon.

Kraftverket vil bli knytt til det eksisterande 22kV nettet som går gjennom Norddal, omtrent 160 meter frå planlagd kraftstasjon.

Det opplysast at grunneigarane har avtale om fallrettar og andre rettigheter til å gjennomføre prosjektet i eigen regi, og selskapet Fossheim kraft AS vil verte stifta og registrert då vedtaksgrunnlag for bygging føreligg.

Nødvendige opplysningar om tiltaket fremgår av utgreiinga.

Med vennleg helsing



Fossheim kraft SUS
Ved Oddmund Dalhus
6214 Norddal
o.dalhus@gmail.com
91511796

FOSSHEIM KRAFTVERK
NORDDAL KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKE



Skjervaverket i 1915, det første kraftverket i kommunen, på Skjerva på Dalesida. Ei kort røyrgate går opp til eit magasin som tok vatn frå Herdalselva. Personane er truleg grunneigaren Karl Dalen og kona Olivia saman med to av barna.

SØKNAD OM KONSESJON

NVE Saksnummer 201503081

Samandrag

Fossheim kraftverk legg med dette fram planar om å etablere ny miljøvenleg kraftproduksjon ved å nytte avløpet frå eit felt på ca. 65 km² i eit opptil 75 meter høgt fall i Herdøla i Norddal kommune. Der planleggast å etablere eit Coanda inntak på kote 130, og ein stasjon på kote 55. Installasjonen vil være på 999 kW med ein estimert middel årsproduksjon på om lag 6,0 GWh, forutsatt minsteslipp på henholdsvis 1155 l/s og 240 l/s sumar og vinter. Av middel årsproduksjon på 6,0 GWh vil der være 3,5 GWh sumarkraft, og 2,5 GWh vinterkraft.

Det planlagde tiltaket vil føre til at vassføringa i elva frå Engeset til Dalhus, ei elvestrekning på om lag 915 meter, vil bli redusert. Minsteslipp og overløp om sumaren vil føre til ei middel vassføring etter inntaket på 5,14 m³/s, eller om lag 75,6% av naturleg vassføring. Av årleg middelvassføring på 3,15 m³/s vil slukeevna på 1,66 m³/s gje ei restvassføring på om lag 47,3%. Om vinteren vil minsteslipp og overløp ivareta krav til vassføring.

Der vert etablert eit nytt inntak ved Engeset, like attmed vegen, og inntaksområdet kan verte ein ny turistattraksjon for bussturistar til Herdalen. Røyrkata vert om lag 770 meter lang, og vil gå langsmed veg, og den vil krysse noko innmark. Røyret vert nedgrave, og der forventast revegetering av traseen i løpet av få år.

Prosjektområdet har turisttrafikkert veg, noko lauv og barskog, og tydelege kvartærgeologisk landskap, og med eit landskap som er kuppert og i eit smalt dalføre. Prosjektområdet rører ikkje ved nokon av dei tidlegare registrerte verneverdiane, men ny kartlegging syner at Storfossen med sin fossesprøytsone vert noko rørt. Området er attraktivt turisme og friluftslivområde, og gjennom kvar sumarsesong kjem der mange bussturistar får cruiseskipa som legg til i Geiranger.

Fossesprøytsonen ved Storfossen er gitt ein C-verdi, og er vurdert til å ikkje ha særleg store verdiar når det gjeld naturtypar, men Storfossen er likevel framheva med at inngrepet vil medføre negativ verknad for naturtypen fossesprøytsone.

Norrdalselva er brepåverka, med dårleg sikt i vatnet, og redusert produksjon av fisk. Der herskar og usikkerheit om vassdraget har ein permanent selvrekrutterande laksebestand, men der er ein eigen aurebestand i vassdraget. Øverste vandringshindring i den anadrome strekningen i vassdraget er Storfossen, og Fossheim kraftverk vil føre til at gyteforhold og oppvekstvilkår i liten grad rørast ved. Kraftverket vil påverke om lag 8% av anadrom strekning. Der vart ikkje påvist

ungfisk av laks ved befaring høsten 2016. Der er og meint at kraftverket kan føre til betring av oppvekstvilkåra for ung fisk.

Eit viktig avbøtande tiltak er å bygge inntaket med tilpasning til omkringliggende miljø, og å tilrettelegge inntaket for besøk, då turistrafikkert veg passerer like attmed. Der er kun tynn lauvskog i inntaksområdet. Rørgata gravast ned, slik at landbruksaktivitet ikkje vert berørt på lang sikt. Kraftstasjonsbygning designast i tråd med omkringliggjande bustadar. Der er mange murhus i Norddal.

Hovuddata:

Møre og Romsdal fylke

Norddal kommune

Norddalsvassdraget 099.2B

Nedbørsfelt	65 km ²
Inntak kote	130 moh
Avløp kote	55 moh
Slukeevne	1,66 m ³ /s
Installert effekt	0,999 MW
Årleg energiproduksjon	6,0 GWh
Utbyggingskostnad	3,50 NOK/kWh

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Om søkjaren	6
1.2	Grunngjeving for tiltaket	6
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	6
1.4	Skildring av området	6
1.5	Eksisterande inngrep	7
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag	7
2.1	Hovuddata	9
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	10
2.3	Kostnadsoverslag	15
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	15
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	16
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	17
3.1	Hydrologi.....	19
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	19
3.3	Grunnvatn	20
3.4	Ras, flaum og erosjon	20
3.5	Raudlisteartar	20
3.7	Akvatisk miljø	21
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	21
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)	22
3.10	Kulturminne og kulturmiljø	23
3.11	Jord- og skogressursar	24
3.12	Ferskvassressursar	25
3.13	Brukarinteresser	25
3.14	Samfunnsmessige verknadar	25
3.15	Kraftliner.....	25
3.16	Dam og trykkrøyr	25
3.17	Alternative utbyggingsløysingar	26
3.18	Samla vurdering.....	26
3.19	Samla belastning	26
4	Avbøtande tiltak.....	27
4.1	Moglege tiltak	28
5	Samarbeid og samlokalisering	29
6	Referansar og grunnlagsdata	29
	Vedlegg til søknaden	31

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tiltakshavar for Fossheim minikraftverk er eit samla grunneigarinitiativ, representert ved Oddmund Dalhus. Blant grunneigarane finn me også Opplysningsvesenets fond, der mykje kompetanse omkring vasskraftverk er samla. Partane har saman einast i å utvikle kraftverksinitiativet, og dei vil sjølv førestå utbygging og drift av kraftverket.

Fossheim kraft vil ha sete i 6214 Norddal i Norddal kommune i Møre og Romsdal.

1.2 Grunngeving for tiltaket

Grunneigarane som har fallrett frå Engeset/Fossheim til Dalhus i Norddal arbeider no for å få nytte ein del av vatnet i elva til kraftproduksjon. Vi ser dette som viktig for å nytte resursar som det ligg til rette for i bygda og samtidig produsere fornybar energi. Dette vil skape aktivitet og inntekter både for grunneigarar, entreprenørar, kommune og andre.

I 2015-2016 vart der gjennomført problemkartlegging av Norddalselva i forhold til Vannressursloven og nåværande planperiode, med fokus på kunnskapsinnhenting, flaumverk og forbygninger, og med undersøkelser for å finne tilstand. Status vart den 18. mai 2016 satt til «utsatt frist av tekniske årsaker».

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Storelva er nedre del av Norddalsvassdraget 099/1. Norddalsvassdraget deler seg ved Storfossen, i Dyrdøla mot sør, og Herdøla mot øst. Begge elvane har utspring i botnar i et alpint fjellterreng. Fjellet Torvløysa skil dei to elvane, før dei møtast nedanfor Storfossen. Storelva/Herdøla renn frå Slettdalsfjellet og heilt ut i Norddalsfjorden, over ei strekning på 16,5 kilometer. Frå Fjorden og om lag 3,1 kilometer oppover elva, så renn elva gjennom jordbruksområde. Frå 3,1 kilometer og oppover er der utmarksområde.

Storelva/Herdøla renn i Norddalen, i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke.

Tiltaket har eitt inntaksalternativ, på kote 130. Der har vore vurdert inntak lenger nede, nedanfor brua, på kote 115, men dette alternativet er valt bort grunna det vert for nært fossen. Heile prosjektområdet ligg frå kote 55 til kote 130, om lag 1,7 kilometer til 2,5 kilometer frå fjorden.

Regionskart 1:500 000, oversiktskart 1:50 000 og situasjonskart 1:5000 er vedlegg 0, 1 og 2.

1.4 Skildring av området

Frå fjorden og opp Norddal fram til inntaket er der aktivt jordbruksområde, med bær og planteproduksjon og husdyrhald. Der ligg gardar, innmark, skog og vegar på både sider av elva. Elva vert og kryssa av tre bruer over ei strekning på 2,5 kilometer.

Området ved Storfossen, om lag 2,2 kilometer frå fjorden, markerer eit skilje i vassdraget. Opp til Storfossen går der anadrom fisk, men ved Storfossen delar elva seg i det austlege hovudvassdraget innover Herdalen, og i det sørlege Dyrdalsvassdraget. Området kring Storfossen er bratt, mens det både Fossheim Kraft – søknad om konsesjon

ovanfor og nedanfor Storfossen er flatt terreng.

Tafjord Kraftnett si høgspenlinje på 22 kV gjeng på nordsida av Storfossen, med ei kryssing av elva ved Engeset bru.

Berggrunnen har sure og harde gneisar, og mykje fint skredmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonssone. Det planlagde tiltaket ligg i klimaregion Vest, og har ei årsnedbør omkring 1320 mm.



Figur 1.4.1 Engeset - Dalhus oversiktsbilete, med teikna inn inntak og stasjonsplassering.

1.5 Eksisterande inngrep

Heile prosjektområdet inneheld innmark, vegar, bruar, høgspenlinjer og andre menneskeskapte inngrep.


1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Norddalsvassdragets nedbørsfelt er i samansetning ganske likt nedbørsfeltet til Valldøla, men ulik i storleik. For hydrologiske utrekningar vil vi difor nytte skalerte måledata frå Alstad målestasjon. Der har og vore gjort berekningar med samanlikning med Øye målestasjon, men både Alstad og Øye gav resultat med små variasjonar dei i mellom.

Det har frå 1920 talet vore gjennomført ei omfattande utbygging av vassdraga i nabobygda Tafjord. I dei andre bygdene har tidlegare lokale kraftverk blitt lagt ned slik som i Dyrdøla.

Det er i den pakken som Fossheim kraft er ein del av, er det søkt om 8 konsesjonar. Valldal 4, Tafjord 1, Eidsdal 1, og Norddal 2. Oversikt over utbygd og ikkje utbygd vasskraft er vist i fig. 1.1b. Omsøkte men ikkje avgjorte konsesjonar er merka med raudt. Sjølv om 8 konsesjonar kan verke mykje vert det likevel små inngrep i høve til dei store områda det gjeld.

Rådgivende Biologer AS har gjeve ei samla vurdering av småkraftpakke Norddal kommune, sjå vedlegg.



Figur 1.6.1 Oversikt over utbygd og omsøkt utbygd vasskraft i området. Kilde NVE

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tabell 2.1. Oversikt, hovuddata for kraftverket

Fossheim kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Hovudval	Alternativ
Nedbørfelt*	km ²	64,9	64,9
Årleg tilsig til inntaket (Lavvann)	mill.m ³	99,3	99,3
Spesifikk avrenning (Lavvann)	l/s/km ²	48,5	48,5
Middelvassføring årleg (Lavvann)	m ³ /s	3,148	3,148
Middelvassføring årleg (måleverdiar)	m ³ /s	3,5	3,5
Middelvassføring sumar (måleverdiar)	m ³ /s	6,8	6,8
Middelvassføring vinter (måleverdiar)	m ³ /s	1,3	1,3
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,331	0,331
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	1,155	1,155
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,240	0,240
Restvassføring**	m ³ /s	1,6	1,6

KRAFTVERK			
Inntak	moh.	130	130
Magasinvolument	m ³	600	600
Avløp	moh.	55	55
Lengde på råka elvestrekning	m	915	915
Brutto fallhøgde	m	75	75
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,175	0,175
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,66	1,51
Slukeevne, min	m ³ /s	0,06	0,06
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s	1,155	1,155
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s	0,24	0,24
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	1000	900
Tilløpsrøyr, tverrsnitt	m ²	0,785	0,636
Tilløpsrøyr, lengde	m	770	770
Tilløpsrøyr vasshastigheit	m/s	2,114	2,375
Installert effekt, maks	kW	999	900
Brukstid	timar	6600	6600

REGULERINGSMAGASIN		
Magasinvolument	mill.	0
HRV	moh.	0
LRV	moh.	0
Naturhestekrefter	nat.hk	0

PRODUKSJON***			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,5	2,3
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,5	3,2
Produksjon, årleg middel	GWh	6,0	5,5

ØKONOMI			
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	21,00	20,32
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,5	3,69

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket.

**restfeltet omfattar vassføringa frå Dyrdøla vassdraget.

** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Tabell 2.2. Oversikt, hovuddata for det elektriske anlegget

Fossheim kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	kVA	~ 1250
Spenning	kV	0,415
TRANSFORMATOR		
Yting	kVA	~ 1600
Omsetning	kV/kV	0,415/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	160
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		kabel i jord

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Hovudval

Det synast til kart i vedlegg 0, 1 og 2.

Fossheim kraftverk vil nytte avløpet frå Herdøla i eit 75 meter høgt fall mellom kote 130 og 55. Utbygginga vil ikkje medføre regulering av vasstand i magasin, da der planleggast å nytte eit Coanda inntak.

Der etablerast eit inntak ved kote 130 ved å bygge eit Coanda inntak i stål og betong og stein, og dette vil være omtrent 25 meter lang og 2,5 meter høgt. Nedanfor inntaket vil vassvegen bestå av eit nedgravd røyr med diameter 1,0 meter, og lengde om lag 770 meter. Kraftstasjonen plasserast på slette om lag 75 meter ovanfor Dalhus bru. Avløpet blir ført i ein kort kanal tilbake til Storelva.

Frå stasjonen må der etablerast ein kabel på om lag 160 meters lengde til næraste 22 kV kraftlinje nord for stasjonen.


2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Herdøla har ved planlagt inntak eit nedbørsfelt på 64,9 km². Middel årleg vassføring ved kote 130 i perioden 1961 – 1990 er 3,15 m³/s. Middel vassføring summar er berekna til 6,8 m³/s.


Feltet inneheld hovudsakleg snaufjell (68,4 %), ein del skog (21,8 %), litt sjø (2,7 %), litt myr (2,0 %) og litt bre (2,7 %). Frå inntaket og ned til stasjonsområdet er der hovudsakleg innmark.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 0,33 m³/s. Vassføringa med varigheit 95 % om sommaren (1.5 – 30.9) er 1,155 m³/s (data 1961 – 1990). Det tilsvarande talet for vinteren er 0,240 m³/s.

Der vert tilrådd ei minstevassføring for prosjektet på 1,155 m³/s om sommaren, og 0,24 m³/s om vinteren.



Figur 2.2.1.A. Plott som syner variasjonar i avrenning frå år til år.ⁱ



Figur 2.2.1.B. Plott som syner lav, middel og minstevasslepp (døgndata).

NVE's data frå NVE Lavvannapplikasjon for perioden 1961 – 1990 er nytta som grunnlag for berekning av spesifikk avrenning for feltet.

Der er nærliggande å nytte ein skalert målserie frå eit samanliknbart nedbørsfelt med målingar. VM 100.1.0 Alstad i Valldøla har ein 28 års serie, men dette er eit felt på heile 209 km², har ein del høg fjell og ein viss effektiv sjøprosent og er arealjustert til å representere feltet til Herdøla.

Denne arealjusterte målserien vert nytta vidare i arbeidet med hydrologisk grunnlag for Herdøla.

2.2.2 Overføringar

Tiltaket medfører ingen overføringar eller reguleringar av andre vassdrag.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Prosjektet er ikkje planlagt med reguleringsmagasin, slik at effektkøyring ikkje blir mogleg. Der er i staden planlagt nytta Coanda-inntak med lav damhøgde og lite vatn oppdemt. Coandainntaket mogleggjer jamn overrenning.

2.2.4 Inntak

Inntak plasserast på kote 130 i Herdøla som eit moderne og sjølvreinskande Coanda-inntak med ein 25 meter lang og 2,5 meter høg Coanda-inntaksdam. Foreløpig utrekna oppdemt vassvolum er omtrent 600 kubikkmeter. Inntaket vert liggjande om lag 30 meter nedanfor grusvegen til Herdalen.

Inntaket på kote 130 ligg i dag i tett krattskog, der elva har eit om lag 2 meters fall ned i ein kulp. Denne formasjonen, saman med fjell på sidene gjer det attraktivt å velje nettopp denne plassen. Inntaksområdet er og nært grusvegen opp mot Herdalssetra, slik at tilkomsten vert relativt enkel. Noko av massa som takast ut frå røyrгатetraseen kan nyttast til å opparbeide området rundt, og til å skape eit attraktivt område kring inntaket.

2.2.5 Vassveg

Røyrgate

Frå inntaket ved Engeset vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom ei nedgrave røyrgate av røyr på 1000 millimeter diameter, og i om lag 770 meters lengde. Røyrtraseen leggjast langsmed grusveg i om lag 160 meters lengde, kryssar hovudvegen, går gjennom noko skog, før den leggjast under innmark ned til stasjonen. Det forventast at grusvegen held same bredda som før, men at der vert eit trefritt belte til sida for vegen. Noko sprenging av fjell kan verte naudsynt.

Veidekke Industri AS har gjeve deira faglege vurdering av tiltaket, og dei ser ikkje nokon ulemper med bygging av vassvegen, samanlikna med tidlegare krevjande prosjekter. Sjå vedlegg 10 for deira vurdering.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert på ei slette ovanfor Dalhus bru, om lag 75 meter frå brua. Turbinsenter vert omtrent på kote 55. I kraftstasjonen installerast der ein Francisturbin med effekt på 999 kW. Ved ein fallhøgde på 75 meter får turbinen ei maksimal slukeevne på ca. 1,66 m³/s

Der installerast ein generator med yting 1,25 MVA, og ei generatorspenning på 415 Volt. Transformatoren får same yting og ein omsetjing på 0,415/22 kV. Generatoren får vasskjøling.

Bygningen vil bli oppført med hjelp av støydempande material, og opningar vil bli utstyrte med lydfeller av omsyn til veg, bustadar, turisme og friluftsliv i området.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vert køyrt med jamn vasstand i inntaket og vil nytte tilsiget i elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyting er ikkje aktuelt.

I tørre periodar kan stopp av kraftverket vere naudsynt.

2.2.8 Vegbygging

Stasjonsområde

Stasjonsbygningen er planlagt plassert 75-80 meter frå dagens veg. Der går ein traktorveg gjennom

området. Der vert tillaga ny veg fram mot stasjonsbygninga.

Inntak

Inntak på kote 130 vil trenge om lag 30 meter med veg.

2.2.9 Massetak og deponi

Området mellom tenkt inntak og grusveg utgjer eit areal på om lag 2 dekar. Dette kan nyttast til deponi av massar frå røyrgatetråsen og stasjonsbygning. Toppmasse frå røyrgatetråsen leggjast tilbake. Deponiområdet kan opparbeidast etterpå, og slik skape eit attraktivt område kring inntaket, alternativt skape om lag 2 dekar ny dyrkbar mark til grunneigar. Alternativt eller tilleggsdeponi gjerast og tilgjengeleg på Hjellane på eigedom 51-3. sjå figur 2.5.1.

2.2.10 Nett tilknytning (kraftliner/kablar)

Der går i dag ei 22 kV kraftlinje om lag 160 meter nord for planlagt stasjonsområde. Der planleggast å legge kabel frå stasjonsbygningen til tilknytning til denne linja.

Mørenett er områdekonsesjonær, og det eksisterande distribusjonsnettet består av 22 kV luftlinjer. Tilbakemelding frå Mørenett var som følgjer:

Mørenett har gjennomført en enkel vurdering av de gitte kriteriene, stabilitet, spenning, kapasitet, krav om fjernstyring og et kostnadsestimat for HS-anlegget. Dette er foreløpig budsjettpris frå januar 2015.

1. *Dynamisk stabilitets analyse må utredas før tilknytning i distribusjonsnettet kr.100.000,-*
2. *Spenningsmessig – ok!*
3. *Strøm/kapasitet i nett – ok!*
4. *Krav om fjernstyring (RTU), gjelder for alle anlegg >0.1MW kr.100.000,-*
5. *Tilknytning til nettet: NS integrert i bygning, SF6 anlegg m/vern og motorstyrt effektbryter, HS-kabel TSLF 1x3x95AL ca 250m og tilknytning til linje kr. 700.000,- eks. gravekostnader.*

Ei dynamisk stabilitetsanalyse vil belyse om nettet har nok stivhet/stabilitet. Vert dette underkjent blir Mørenett å sjå på 22kV linjenettet over Kallskaret til Tafjord, dette kan medføre kostnader for dykk utover det som er nemnt over. Dersom prosjektet blir realisert, vil Mørenett AS komme med en bindande kalkyle.

Mørenett kan ta seg av bygging av tilknytning til nettet, refererer til punkt 5. Mørenett har og driftsledere som kan nyttas til drift av anlegget. Nærare avtale om dette vert inngått dersom prosjektet vert realisert.

2.3 Kostnadsoverslag

Fossheim kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	2,28
Driftsvassvegar	7,08
Kraftstasjon, bygg	3,00
Maskin og elektro (helst skild)	4,32
Kraftline	0,24
Transportanlegg	0,24
Diverse tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,48
Uventa	1,80
Planlegging/administrasjon	0,60
Finansieringsutgifter og avrunding	0,36
Anleggsbidrag	0,60
Eigen innsats frå grunneigarar, vegar, skog, planting	0
Sum utbyggingskostnader	21,00

Budsjett er gitt med utgangspunkt i NVE/Sweco cost base analyse med prisar på 2010 nivå, og er indeksjustert med 20% til dagens nivå, samt at der vart innhenta budsjett-tilbod frå norske og utanlandske leverandørar.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil gi fordelar som vist i tabellen under.

PRODUKSJON***		Hovudval	Alternativ
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,5	2,3
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,5	3,2
Produksjon, årleg middel	GWh	6,0	5,5

Den direkte verdiskapinga frå kraftverket til grunneigarane aukar verdiane på eigedomane, men bidreg først og fremt til at dei lokale private og næringsaktørar får betre handlerom til å ivareta eit større samfunnsansvar i landskapsvernområdet. Ny fornybar energi skapar nye moglegheiter til energilagring og grøn satsing i samband med Grøn Fjord satsinga. Energien gjev moglegheiter til å endre transportbehovet som sumarens masseturisme har ved besøk på Herdalssetra.

Kraftproduksjonen og inntektene frå Fossheim kraftverk vil bidrege til å styrke lokalsamfunnets samla evne til å ivareta kulturlandskapet og landskapsvernområdet Geiranger-Herdalen. Verdiane mogleggjer ei grøn endring av ein stadig aukande masseturisme i området, betre vedlikehald av den private vegen til Herdalssetra.

Kraftverket vil også bidra med skatteinntekter til kommunen, og i byggeperioden vil der vere behov for lokal arbeidskraft.

Ulemper

Tiltaket vil medføre litt redusert vassføring i elva mellom inntak og kraftstasjon, men i periodar med Fossheim Kraft – søknad om konsesjon

stor vassføring, snøsmelting og flaum vil dette ikkje ha særleg merkbar effekt.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Tabellen under syner ei oversikt over arealbruken.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	0	0	
Overføring	0	0	
Inntaksområde	0,5	0,3	
Røyrgate/tunnel (vassveg)	3,1	0	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	1	0	
Vegar	0,3	0,3	
Kraftstasjonsområde	1	0,3	
Massetak/deponi	3	3	
Nettilknytning	0,02	0,02	
Sum areal	9,22	3,92	




Figure 2.5.1 Arealbruk med alternative røyrgate traseer.

Eigedomsforhold

Navn	Adresse	Post	Sted	Gnr	Bnr	Telefon
Stein Ivar Krohn	Ivergarden	6214	Norddal	49	1	95052643
Stein Harald Døving	Dale	6214	Norddal	49	13	97170090
Torgeir Melchior Blakstad		6214	Norddal	49	21	41314207
Jon Ytredal		6214	Norddal	51	1	70259068
Nils-Peter Jangaard Loe	Syverlia Terrasse 1	6010	Ålesund	51	2	45065392
Oddmund Dalhus	Dalhus	6214	Norddal	51	3	91511796
John Kåre Storås sameie		6214	Norddal	51	6	98694507
Opplysningsvesenets fond	Boks 535 Sentrum	0105	Oslo	52	1	23081500/90151150
Kjartan Berdal	Emblem	6013	Ålesund	52	4	92039978
Halvard Engeseth	Engeseth	6214	Norddal	52	7	97062518

Grunneigarane har inngått avtaler om samarbeid om utbygging og drift av Fossheim kraftverk. Avtalene regulerer rettane til fallet, og rettighetene på grunneigarane sine eigedomar som er naudsynt for å bygge kraftverket.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Der er ikkje utarbeid eigne planar for småkraftverk i kommunen, men Norddal kommune har vedteke at dei rår til at ein stiller store krav til naturfagleg utgreiing og landskapstilpassing i kvar einiskild kraftutbyggingssøknad. Der er allereie sendt inn minst 8 søknadar frå Norddal kommune.

Kommuneplanar

Prosjektområdet er ikkje regulert, men området ved Engeset-Dalhus er definert som LNF-område.

Verneplan IV for vassdrag nr 099.2Z

Herdøla er en del av Norddalsvassdraget, og er verna mot kraftutbygging. Vernet er beskrevet i Stortingsproposisjon nr. 118 (1991-92), der øvre deler av vassdraget har store natur- og kulturfaglege verdiar, spesielt i Herdalen. Området har stor betydning for friluftsliv og turisme spesielt knytt til Herdalssætra, og vassdraget har stor typeverdi.

Tiltaksområdet er i nedre del av vassdraget, innanfor allereie utbygd og dyrka område. Tiltaket held seg innanfor tilrådd praksis for kraftverkstiltak i verna vassdrag. Avrenninga til Herdøla kjem delvis frå areal medrekna i Geiranger-Herdalen Landskapsvern område. Landskapsverneområdet vert ikkje rørt.

Nasjonale laksevassdrag

Herdøla er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag, men laks og aure vandrar opp til Storfossen. Det planlagde tiltaket vil påverke øvre delar av lakseførande strekning.

Ev. andre planar eller beskytta område

Stasjonsområdet rører ikkje INON område. INON kart og bortfallsrapport er synt i vedlegg 6. Der er ikkje påvist kulturminner innanfor prosjektområdet.

EUs vassdirektiv

Norrdalselva (099-47-R) nedanfor Storfossen er omtala i vann-nett.nve.no med økologisk tilstand «antatt dårleg». Elva er kalkfattig og klar, har dårlege fiskeforhold, og er i stor grad påverka av menneskeskapte endringar.

Miljømål for økologi er satt til god, og for kjemisk er dei satt til oppnår god. Forventa økologisk og kjemisk tilstand for perioden 2022 – 2027 er udefinert. For miljømåla er der nemnd unntak i følgje av §9: utsatt frist av tekniske årsaker.

I 2015-2016 vart der gjennomført problemkartlegging av Norrdalselva i forhold til Vannressursloven, og status «utsatt frist av tekniske årsaker» vart satt den 18. mai 2016.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Alle betraktningar i omtalen nedanfor gjelder frå inntaksstaden på kote 130.

Dagens sumar middelvassføring er berekna til 6,8 m³/s etter skalerte måleverdiar, og kraftverket er dimensjonert for maks slukeevne på 1,66 m³/s, eller om lag 24,4 % av sumar middelvassføring.

Berekna årleg middelvassføring ligg på 3,15 m³/s etter Lavvannsapplikasjonen, mens skalerte måleverdiar gjev ei årleg middelvassføring på 3,5 m³/s. Kraftverkets slukeevne på 1,66 m³/s vil då utgjere 52,7% av Lavvannsapplikasjonens årlege middelvassføring, eller 47,4% av årleg middelvassføring frå skalerte måleverdiar.

Berekna middel vintervassføring er berekna til 1,3 m³, og kraftverkets slukeevne vil her utgjere 127,7%. Inntaket vert utstyrt med teknologi som regulerer ned vassmengda inn mot kraftverket slik at krav om minstevassføring oppretthaldast til ein kvar tid.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 0,331 m³/s. Vassføringsmengda som overstig 95 % av tida om sommaren (1.5. – 30.9.) ligg på 1,155 m³/s. Det tilsvarande talet for vinterhalvåret er 0,240 m³/s. Dagens naturlege avrenning frå restfeltet (feltet mellom inntak og utløp) er 1,6 m³/s, sidan Dyrdøla kjem til nedanfor Storfossen.

På årsbasis vil om lag 29,4 % av vassmengda kunne nyttast til kraftproduksjon, mens om lag 70,6 % vert sleppt forbi inntaket på grunn av flaumtap, lågvasstap og slepp av minstevassføring. Middel sumarvassføring er berekna til 6,8 m³/s, og middel vintervassføring er berekna til 1,3 m³/s. Middel restvassføring rett nedanfor inntaket sumartid vil være 4,8 m³/s, og vinterstid 0,240 m³/s. Middel restvassføring ovanfor stasjonen sumartid, medrekna tilsiget frå restfeltet vil være 6,4 m³/s.

Tabell 3.1.1. Tal dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring i utvalde år.

	Tørt år 2010	Middels år 2002	Vått år 2005
Tal dagar med vassføring > maksimal slukeevne	137	182	231
Tal dagar med vassføring < planlagt minstevassføring + minste slukeevne	83	14	0

Varigheitskurver for feltet ved inntak synes i vedlegg 3.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Vasstemperaturen i Herdøla/Norrdalselva forventast ikkje å bli merkbart endra verken i sommar eller vinterperioden. Vasstemperaturen på vatn som kjem ut av kraftstasjonen vil kunne være noko varmare enn før utbygging på grunn av friksjon i røyrgate og turbin. Luft eller soloppvarming vil

ikkje gje bidrag mellom inntaket og kraftstasjonen. Eventuelle endringar vil bli heilt marginale.

Vassføring ut i Norddalselva vil bli akkurat som før, og utløpet vil vere på same plass.

Lokalmiljøet langs den rørte strekninga av elva vil bli noko mindre fuktig i periodar som følgje av tiltaket. Dette gjelder i periodar med middels lave vassføringar. Ved lave vassføringar og i flaumperiodar vil der enten vere slepp av minstevassføring, eller gå overløp over Coanda-inntaket. Tiltaket vil såleis ikkje ha særleg merkbar verknad på lokalmiljøet. Lokalmiljøet i Norddalselva vil ikkje bli endra.

Konsekvensen for vassstemperatur, isforhold og lokalmiljø vil bli ubetydelege.

3.3 Grunnvatn

Der er ikkje påvist/kartlagt grunnvassressursar innanfor tiltaksområdet, jamfør nasjonal grunnvassdatabase GRANADA. Det planlagde tiltaket vil truleg ikkje påverke eventuelle grunnvassførekomstar i området.

Konsekvensen for grunnvatn vil bli ubetydelege.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Vassdraget er raskt strøymande i prosjektområdet. Grunnen rundt elveløpet består av relativ næringsfattig berggrunn. Der er ingen vesentleg erosjon på den rørte strekninga, og erosjon vil ikkje bli påverka av tiltaket. Kraftverket vil ha liten innverknad på flaumar.

Konsekvensen for ras, flaum og erosjon vil bli små negative.

3.5 Raudlisteartar

Der er registrert fleire raudlisteartar i Artsdatabanken innanfor prosjektområdet. Der er funne sunnmørsmarikåpe, spansk kjørvel, platanlønn, almeteppe-mose, bogetveblad-mose, flekk-mose, flikvår-mose, krypsnø-mose, kystmold-mose, sigdknausing, stortagg-mose, sumpbrodd-mose og svagrå-mose i umiddelbar nærleik til prosjektområdet. Lokal undersøking i august 2016 registrerte eit stort artsmangfald ved Storfossen.

I fosse-engene på kvar side av fossen ble det blant anna registrert hvitbladtistel, mjødur, marikåpe-art, gullris, skogsalat, skogrørkvein, blåklokke, fjellsyre, skogburkne, enghumleblom, klengemaure og fugletelg. Fosse-engene har spredte innslag av rogn og bjørk i tresjiktet. Store mengder bergfrue fantes både i engene og på berg inntil fossen. På berg ble det også registrert en del gulsildre. Sunnmørsmarikåpe er registrert lenger opp i vassdraget og det er sannsynleg at den kan finnes i denne lokaliteten, sjølv om den ikkje ble registrert den 20. august 2016. På moserikt overhengande berg inntil fossen ble det registrert bekkerund-mose, bergpolster-mose, rødmesig-mose, bekketveblad-mose, vårmose-art, nikkemose-art, småstylte, bekkevrang-mose, saglommemose, teppekildemose og kystjammemose.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten, men har godt utviklede fosse-enger og fosseberg. Det ble ikkje registrert raudlista eller andre spesielle arter og artsmangfoldet er lite til middels høgt. Lokaliteten

vurderes som lokalt viktig (C-verdi)

Det visast til miljørapportene for utdjujing av fagtemaet.

3.6 Terrestrisk miljø / biologisk mangfald / naturtyper

Undersøkesområda ligger 1,7 – 2,5 km aust-søraust for Norddalsfjorden i Norddal i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke. Der knytast lite usikkerheit til verdivurderinga av naturtyper, og når det gjelder vurdering av verknaden et kraftverk vil ha så er det vanskeleg å forutseie hvor negativt redusert vassføring vil være for fossesprøytsonen rundt Storfossen. Særleg då der truleg er noko beite i deler av lokaliteten, noko som bidreg med å halde engene ope. Tiltaket medfører ingen arealbeslag i verdifulle naturtyper. Kraftverkets verknad for fossesprøytsonen vurderast til å være liten negativ.

Middels verdi og liten negativ verknad gjev liten til middels negativ konsekvens (-/-) for naturtyper.

Det visast til miljørapportene for utdjujing av fagtemaet.

3.7 Akvatisk miljø

Kraftstasjonsutløpet vil kome ut i øvre del av den lakseførande strekninga i Norddalselva, men nedanfor knutepunktet der Dyrdøla møter Norddalselva. Det vil seie at sjølv med pålagt minstevassføring frå inntaket, så vil den fiskeførande strekninga ha heile vassføringa til Dyrdøla saman med pålagt minstevassføring. Omløpsventil er planlagt montert på anlegget.

De foreslåtte minstevassføringane sumar og vinter vil sikre tilstrekkeleg med vatn til å oppretthalde standplassane for voksen fisk i området, og gje betre oppvekstforhold for ung fisk på deler av strekkingen. Dyrdøla kjem til med eit felt på 28km² om lag 180 meter nedanfor kraftverksavlaupet, noko som gjer at konsekvensane av eit utfall blir små for Norddøla. Vassfarta ut av stasjonsavlaupet bør dempast.

Middels verdi og liten negativ verknad gjev liten negativ konsekvens (-) for akvatisk miljø.

Det visast til miljørapporten for utdjujing av fagtemaet.

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Verneplan 099/1 beskriver verneverdiar innan prosesser og former skapt av is og vann, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminne og kulturmiljø i Norddalsvassdraget. Prosjektområdet for Engeset-Dalhus rører ikkje ved nokon av dei lokalitetane som vart kartlagt og beskrevet i verneplana.

Norrdøla med sideelver er ikkje eit Nasjonalt laksevassdrag. Norddalselva er verna mot kraftutbygging. Tiltaket held seg innanfor tilrådd praksis for kraftverkstiltak i verna vassdrag, og der antakast av Rådgivende Biologer AS at tiltaket kan betre oppvekstforhold for ung laks og sjøaure i Norrdøla.

3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Inntaksområdet vil ikkje røre ved INON område.

Kraftverkets inntak vert plassert på Engeset, like attmed innmark og veg. På sørsida av elva er der lite vegetasjon ved elva, slik at inntaket vert lett synleg. Mellom innmark og veg er der krattskog, og denne vert opna opp noko, slik at inntaket vert lett synleg frå veg.

Røyrgatetraseen vil hovudsakleg gå gjennom areal der det allereie har vore menneskeleg påverknad i lang tid (veg og innmark).

I det aktuelle utbyggingsområdet, som allereie har vært nytta til landbruksformål i fleire generasjonar, vil kraftverket bidra med små negative konsekvensar av betydning. Eit lite uttak av vatn i vekstsesongen vil også bidra til liten verknad på naturtypar og akvatisk miljø.

Storfossen bidreg i dag lite som eit landskapselement, då fossen ligg i eit gjel med mykje skog rundt. Fossen kan likevel sjåast frå tenkt kraftverksområde, der vi i dag må rusle over dyrka eng for å kome i posisjon til å sjå fossen klart. Fossen er ikkje synleg frå bilvegen der turistar ferdast.

Kraftstasjonen vil ligge attmed veg på Dalhus, og vil verte utforma slik at den passar med omkringliggjande bygnad. Kraftstasjonen er og tenkt lydisolert slik at den ikkje gjev sjenerande støy til omgjevnadane. Generator vert vasskjølt, for betre lyddemping.

Tilgang til kraftstasjonsområdet kan bidra til å styrke Storfossens rolle som landskapselement, og kan nyttast aktivt i lokalturismen, ved å framheve miljøvenleg kraftproduksjon samtidig som at turistar får tilgang til å sjå Storfossen i sumarsesongen. Der reiser mange bussar med turistar opp gjennom Norddalen til Herdalssætra kvart år.

Kraftverksinitiativet rører ikkje INON område.

Konsekvensen for INON vil bli ubetydelege.

Konsekvensane for landskap kan verte positive.



Storfossen 4. juli 2015 klokka 1729

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Der er ikkje påvist kulturminner direkte i prosjektområdet, men vi finn Norddal prestegard som ein del av grunneigarane i prosjektet. Norddal prestegard er registrert som kulturminne.

Tilbakemelding frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune 31.01.2017;

Hei

Kulturminne nyare tid:

Vi viser til kartlag «kulturminne» i www.gislink.no for informasjon om kulturminne frå nyare tid (SEFRAK-registreringar). Kartdatabasen er ikkje tilgjengeleg i skrivande stund, så vi kan ikkje legge ved kartdokumentasjon. Området ligg utanfor landskapsvernområdet og verdsarvområdet.

Automatisk freda kulturminne:

Vi vurderer potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i området til å vere lågt til middels. Vi vil difor ikkje krevje arkeologisk registrering etter kulturminnelova §9, men vil likevel gjere oppmerksom på at det dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes gamle gjenstandsfunn eller trekolhaldig jord, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova §8, andre ledd.


Med vennleg helsing

Siv Aksdal (nyare tid)

Rådgivar, kulturvernseksjonen
Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
71 28 03 36 /41 66 47 52

Kristoffer Dahle (automatisk freda kulturminne)
Rådgivar, arkeolog
Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
71 28 03 29 /99 22 81 03

Konsekvensen for kulturminner vil bli ubetydelege.



Figur 3.10. kartlagde kulturminner i Norddal, Prestegarden!

3.11 Jord- og skogressursar

Innanfor prosjektområdet har gardbrukarane innmark til grasproduksjon og husdyrsbeite. Ei nedgravd røyrgate vil over tid ikkje påverke gardbrukarane sin produksjonsevne.

Konsekvensen for jord- og skogressursar vil bli ubetydelege.

3.12 Ferskvassressursar

Der er ikkje ferskvassuttak til drikkevatt frå det rørte prosjektområdet i Herdøla/Norrdalselva.

Konsekvensen for ferskvassressursar vil bli ubetydelege.

3.13 Brukarinteresser

Heile prosjektområdet er mykje nytta, til grasproduksjon, husdyrbeite, uttak av ved, vegar, bustader og bruar. Der har ikkje vært solgt fiskekort i Norddøla dei siste to åra.

Der er i sumarsesongen mykje turisme gjennom Norddalen opp til Herdalssætra, og eit vasskraftverk der Storfossen vert lettare tilgjengeleg som foto-objekt kan gje auka turisme for bygda. Inntaket ligg rett attmed vegen opp til Herdalssætra, og der kan inntaket verte eit populært stoppepunkt.

Konsekvensen for brukarinteresser vil bli stor positiv.

3.14 Samfunnsmessige verknadar

Ei utbygging av Engeset - Dalhus kraftverk vil bidra til kraftoppdekking både lokalt og regionalt.

Byggetida for kraftverket er berekna til i overkant av eitt år. I denne perioden vil der vere behov for entreprenørar og ekspertise for bygging av kraftverket. Noko arbeidskraft vil hentast lokalt, mens noko vert henta frå regionen og utlandet. Fossheim kraftverk er skattepliktig etter vanlege reglar, og vil såleis bidrege med inntekter til kommunen.

Energien frå kraftverket kan nyttast til lokal gardsdrift, til energilagring, og til vidareutvikling av næringsinteresser lokalt, i tillegg til kraftforsyning til regionalnettet. Der er ynskje om å nytte energien til prosjekter i samarbeid med Grøn Fjord prosjektet.

Konsekvensen for samfunnsmessige verknadar vil verte store positive.

3.15 Kraftliner

Kraftkabelen vil plasserast i grøft fram til nærast 22kV line. Det er om lag 160 meter til næraste 22kV line. Kabel vil ikkje verte synleg, og vil ikkje ha påverknad på det lokale dyre- og fuglelivet.

Konsekvensen for kraftline vil bli ubetydelege.

3.16 Dam og trykkrøyr

Vassvegen er planlagd som nedgrave røyrgate, og inntaket vil vere av coanda type, ein type som ikkje demmar opp store vassmengder. Mellom inntaket og utløpet er der både bruar og bustadar. Elva går i juv frå inntaket og ned til sletta ved Dalhus. Derifrå og ned til stasjonsområdet er der relativt flatt.

Brot i vassvegen i nedre halvdel vil kunne gje elv med flaum-liknande tilstand, men det vurderast slik at flata nedanfor stasjonen vil bidra til å dempe dette så mykje at det ikkje vil utgjere fare for dyr eller Fossheim Kraft – søknad om konsesjon

menneske. Dette på grunn av at elvefaret er mykje breiare her.

Konsekvensane for eit brot i inntaket vurderast difor til ubetydelege til små, mens eit brot i nedre delar av vassvegen kan vurderast til negative.

Konsekvensen for inntaksbrot vil bli små negative.

3.17 Alternative utbyggingsløyningar

Vi vart anbefalt å ta med eit alternativ som syner korleis kraftverket vil verte med ei slukeevne på 48% av årleg middelvassføring på 3,15 m³/s. Dette gjev eit kraftverk med slukeevne på 1,51 m³/s. Data for dette alternativet er synt i tabellen i kapittel 2.1.

Ei slukeevne på 1,51 m³/s mot ei slukeevne på 1,66 m³/s gjev ein liten merkbar effekt på vassføringa i elva.

Vi har vidare rekna på byggjekostnader for alternativet med 1,51 m³/s, og kome fram til at dette gjev ein faktor på 3,69 kroner per kWh ved ein utbyggingskostnad på 20,32 million kroner, noko som vi vurderer til å verte eit litt mindre lønsamt prosjekt.

Alternativet vil ha same inngrepet i naturen som hovudvalet, men vil føre til eit litt mindre lønsamt prosjekt.

3.18 Samla vurdering

Samanstilling av konsekvensane for dei ulike tema.

Tema	Konsekvens	Søklar/konsulent vurdering
Vasstemperatur, is og lokalklima	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Ferskvassressursar	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Grunnvatn	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Brukarinteresser	<i>Stor positiv</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Raudlisteartar	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Terrestrisk miljø	<i>Liten/middels</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Akvatisk miljø	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Landskap	<i>Middels positiv</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
INON	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Reindrift	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Jord og skogressursar	<i>Liten/intet</i>	<i>Konsulent/søklar</i>
Oppsummering	<i>Middels positiv</i>	<i>Konsulent/søklar</i>

3.19 Samla belastning

Heile Herdøla er eit verna vassdrag, og der er ikkje tillate med vasskraftprosjekt med installert effekt Fossheim Kraft – søknad om konsesjon

større enn 1 MW. Der er ingen kraftverk i vassdraget i dag, men der er restar av eit tidlegare kraftverk, Skjervaverket frå 1915. Herdøla dannar saman med Dyrdøla det samla vassdraget, og der er også søkt om kraftverksutbygging i Dyrdøla. Der er elles ingen kraftverksinitiativ i Norddalen.

Fossheim kraftverk si utbygging vil røre ved ei verdfull naturtype i området, fossesprøytsonen i Storfossen. Topografien i regionen, med høye fjell og store fossefall, gjer at denne naturtypen er vanleg her. Den samla belastninga som følgje av utbygginga vurderast difor som liten.

Der går fisk, aure og laks, i elva opp til Storfossen. Fossen er eit naturleg hinder for vidare vandring oppover i vassdraget. Utbygging av Fossheim kraftverk er vurdert til å ha ein positiv innverknad på oppvekstvilkår for ung fisk, og vil dermed kunne betre mengda og attraktiviteten til fiske i elva.

Endring av vassføringa i Herdøla om sumaren vil som følgje av kraftverket bli liten. Fossen er i dag ikkje synleg frå turisttrafikkert veg, men utbygginga kan gjere tilgangen til å sjå fossen betre. Den samla belastninga vurderast difor som liten.

4 Avbøtande tiltak

Tilpassa slukeevne

